



J15 gjer det godt i 1.divisjon og vann stort i dag.

**Det har svinga for J15-laget i hauststarten i 1.divisjon. Etter storsiger mot Solid i første kampen, gjekk dei på ein skikkeleg smell i neste kamp mot Tertnes. Derfor knytte det seg ekstra spenning framfor dagens kamp mot Bergen Nord på heimebane i Rosendal. Vile dei klara «å reisa kjerringa»?**

Motstandarane frå Bergen Nord kom best i gang, og allereie etter 5 minutts spel klarte dei å setja ballen bak Rosendal/Uskedal-keeperen, og dermed 1-0. Det tok 15-20 minutt før heimelaget kom skikkeleg i gang, men då byrja det verkeleg å skje positive ting. Etter 22 minutt dribla Ina Tveito Sandvik av forsvaret til Bergen Nord og sette ballen elegant i mål, og dermed var det ballanse i målprotokollen. Så skulle det gå ca. 10 minutt før det vart ny scoring til heimelaget. Også denne gongen var det Ina som var sist på ballen etter nydeleg forsering og innlegg fra Thea Soltveit Taranger. Dette blei også pauseresultatet.

Om lag 10 minutt ut i 2.omgang var det klart for Hanna Tvilde-show. Ho lurte alle som venta innlegg, og sette ballen i mål via stolpen frå 'død' vinkel. Etter dette tok Bergen Nord over litt i spel, og det var derfor fortent då dei reduserte til 2-3 på det R/U-trenar Tor Gundersen karakteriserte som ein perfekt utført lobb. Dermed var det ny spenning i kampen. Men det skulle ikkje vara lenge. Hanna Tvilde sette på 'turboen' oppover venstresida og plasserte ballen elegant i lengste hjørnet. Og det skulle bli meir! 5-2 kom etter nydeleg samspel mellom Hanna Tvilde og Silje Soldal der sistnemnde sette ballen i mål. Ina T. Sandvik vart tremålsscorar då ho fastsette sluttresultatet til 6-2 etter god kjemping føre mål.

Skal sei jentene reiste seg med bravur!!

**På bildet øverst ser vi den flinke gjengen, og namna er som følgjer:**

Bak f.v.: Ina T.Sandvik – Sigrid Øyre – Silje Soldal – Lisa Jonetta Ølvestveit – Amalie Hovden Rød  
 Midten f.v.: Kjell Arne Brakstad (Keeper på trening) – Lene Furdal – Eli Omvik – Alette Mehl – Ida Marie K. Eidsvik – Thea S. Taranger – Marte Bøyum – Helge Furdal(Trener)  
 Framme f.v.: Tor Gundersen(Trener) – Guro Leganger – Hanna Tvilde – May Beate Brakstad – Martha Hjelmeland – Camilla M. Ripel – Erlend Bøyum (Oppmann)

Vi takkar trenar Tor Gundersen for svært god rapport som er grunnlag for dette referatet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
 Foto: Reed Foto, Oslo